
Fra: Kari Patricia Kleppe <Kari.Patricia.Kleppe@hfk.no>
Sendt: 23. februar 2015 13:49
Til: Kommunane i Hordaland - Alle
Kopi: Mette Nora Sætre; Bård Sandal
Emne: VS: KM lyser ut inntil 91,5 mill. kroner for fase to i
Utviklingsprogrammet for byregioner
Vedlegg: Utviklingsprogrammet for byregioner søknad til fase 2. frist 1. mai.pdf;
Utdrag frå Regional plan for attraktive senter i Hordaland .pdf

Kategorier: ARKIVERT I FOKUS

Til kommunar med by eller regionsenter status i Hordaland

Hordaland fylkeskommune oppmodar kommunar med regionsenter i samarbeid med sine omlandskommunar å søkje Kommunal- og moderniseringsdepartementet om deltaking i andre fase i utviklingsprogrammet for byregionar. Målet for programmet er å styrka den regionale vekstkrafta og styrka samspelet mellom by eller regionsenter og omland.

Søknadsfristen er 1. mai 2015.

Legg ved informasjon henta frå: <https://www.regjeringen.no/nb/aktuelt/utviklingsprogram-for-a-styrke-vekstkrafta-i-byregionar/id2393655/> som omhandlar pressemelding, utlysning med tilskotsordning frå KMD og Distriktssenteret si informasjon om spørsmål og svar om fase 2..

I tillegg ligg her ved utdrag frå «Regional plan for attraktive senter i Hordaland» som syner til inndeling av regionsenter med omlandskommunar.

I Hordaland har Bergen med omland og Leirvik med omland delteke i fase ein i 2014.

Ein region treng ikkje å ha teke del i fyrste fase for å søkja om deltaking i andre fase, men regionen må ha gjennomført ein samfunnsanalyse som skal ligga til grunn for temaet eller samfunnsområdet regionen vil søkja seg inn i programmet med.

Søknaden for fase to er for heile perioden på tre år frå 2015 til 2017.

Det er frå departementet si side ikkje lagt nokon grenser for størrelse eller bystatus for å kunna søkja om deltaking. Derimot bør eitt eller fleire regionsenter ha bymessige roller for omlandet, for eksempel knytt til handel eller offentlige tenester.

«Regional plan for attraktive senter i Hordaland» er vedteken med fylgjande inndeling av regionsenter med omlandskommunar:

**Namn på
regionsenter**

**Kommune med region-
senter**

**Andre omlandskommu-
nar**

Knarvik	Lindås	Meland, Radøy, Modalen, Masfjorden, Austrheim, Fedje
Vossevangen	Voss	Granvin, Ulvik, Eidfjord
Straume	Fjell	Sund, Øygarden
Kleppestø	Askøy	-
Osøyro	Os	Fusa
Norheimsund	Kvam	Jondal
Odda sentrum	Odda	Ullensvang
Leirvik	Stord	Bømlo, Fitjar, Tysnes
Husnes	Kvinnherad	-

Venleg helsing

Kari Patricia Kleppe

Spesialrådgjevar

Regional | næring

HORDALAND FYLKESKOMMUNE

Tlf: 55 23 95 68 | Mob: 409 16 225

www.hordaland.no/naring | www.kom-an.no